



Til Formannskapet

Notat

Emne: Kostnader ved delprosjekt båthavn/Bryggjeslottet. Bruk av kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift.

Rådmannen har med utgangspunkt i skisseprosjekt og beskrivelse frå landskapsarkitekt vurdert kostnadane for oppgradering av området ved Bryggjeslottet. I tillegg er det henta inn pris på utviding av kapasiteten i båthavna. Notatet er tenkt som diskusjonsgrunnlag for søknad om og bruk av kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift. Modalen kommune har inneståande 1 010 000 kroner i slike midlar.

Delprosjekta er inndelt slik:

Delprosjekt 1: Ny tre promenade.

Ny trepromenade med tilhøyrande grunnarbeid og gartnararbeid, enkeltpostane er nærare skildra i vedlagte rekneark. Trepromenaden er ein forlenging av eksisterande promenade fram til tidlegare utlastingspir. Prosjektet omfattar også hellelegging og gartnararbeid.

Delprosjektet vil ha ei kostnadsramme inkl. mva på ca 800 000 kroner.

Ny trepromenade vil på sikt medføre vedlikehaldskostnader. Etablering av ny plen vil kunne skape utfordringar med tilkomst for kranbil ved handtering av landgang for flytebrygge.

Delprosjekt 2: Bygge om restar av utlastingspir til badebrygge og etablere ny strandlinje.

Eksisterande jernkonstruksjon må fjernast, betongkonstruksjonen er i dårleg forfatning og må utbetrast. Strandlinja bør strammast opp og det må lagast ein barriere mot rasfarleg område, her ser vi for oss utfylling av strandområdet med storstein alternativt plastring. Sidan området grensar opp eit rasfarleg område bør det ikkje invitert til unødig ferdsel.

Delprosjektet vil ha ein kostnad på ca 320 000 kroner.

Ny badebrygge slik landskapsarkitekten føreslår er komplisert å byggje og vil truleg ha ein kostnad på 500 000 kroner eller meir. Desse kostandane er ikkje teke med totalkostnaden for dei tre delprosjekta. Om ein ynskjer å gå for landskapsarkitekten sitt forslag må kostnadsanslaget aukast til minst 820 000 kroner.

Delprosjekt 3: Utviding av båthavn.

Ved enkelte anledningar er kapasiteten i gjestehamna sprengt. Vi har sett på ei utviding med ei ny 22m betongbrygge. Den er tenkt lagt i L form til eksisterande betongbryggje. Bryggja vert utstyrt med straumskap og vann postar. Pris for bryggje ferdig utlagt og oppankra er kalkulert til ca 490 000 kroner.

Samla kostnad og finansiering:

Samla kostnad for alle 3 delprosjekta er rekna til ca **1 600 000** kroner.

Samla kostnad for alle 3 delprosjekta inkl. badebrygge er rekna til ca **2 100 000** kroner.

Forslag til finansiering utan badebryggje:

Kompensasjonsmidlar	1 010 000
Eigenandel	590 000
Totalt	1 600 000

Forslag til finansiering med badebryggje:

Kompensasjonsmidlar	1 010 000
Eigenandel	1 090 000
Totalt	2 100 000